

**Frå:** Sigrun Wølstad <Sigrun.Wolstad@vlfk.no>  
**Send:** mandag 13. juni 2022 13:36  
**Til:** Josep Gayrbekov  
**Emne:** Dykkar sak: 21/10031 - 22/36636

Hei,

Vi har motteke eit brev i kopi frå Statsforvaltaren i Vestland. Saka gjeld søknad om dispensasjon - oppføring av bod - gnr. 238 bnr. 26 - Eknes indre. Eg kan ikkje sjå at byggesaka er sendt oss til fråsegn.

Vi har sett på saka i kommunen sitt saksinnsyn. Ut i frå vår kjennskap til regionen, tidlegare funn av automatisk freda kulturminne i området og storleiken på tiltaket er vår vurdering i denne saka at potensialet for arkeologisk funn er lågt. Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.


Minner om at følgjande saker skal sendast til Vestland fylkeskommune:

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/kva-saker-skal-sendast-til-fylkeskommunen/>

Med helsing

**Sigrun Wølstad**  
Seniorrådgjevar

Seksjon for kulturarv  
Avdeling for Kultur, idrett og inkludering



Tlf: 96944535  
[www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)